

Fylkesmannen i Hordaland

**REVISJONSUTTALE – MELAND KOMMUNE, STYRKINGSMIDLAR TIL
BARNEVERNSTENESTA**

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingane som er avtalt med dykk og lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 "Avtalte kontrollhandlingar". Handlingane er utført for å gi dykk grunnlag for å vurdere at rekneskapen er rett og at prosjektet er i samsvar med tilsagn datert 09.05.2018 ref 2018/3126 721.0.

Samla utgiftsført totalsum er på kr 1 339 744.

Vi har utført fylgjande kontrollhandlingar:

- At rapporterte lønsutgifter er i samsvar med kommunerekneskapen
- At rekneskapsammendraget er rett summert og spesifisert.

Vårt arbeid har ikkje avdekka vesentlege feil eller avvik.

Då desse kontrollhandlingane verken er revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at søknaden ikkje inneheld vesentlege feil.

Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon av regnskapen, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk.

Vår rapport er kun utarbeidd for det formålet som er omtala i første avsnitt i denne rapport og skal ikkje brukast til anna formål. Rapporten er berre meint å skulle distribuerast til Fylkesmannen i Hordaland og kommunen. Distribusjon utover dette må skje i samsvar med reglane i Offentligheitslova.

Isdalstø, 05.06.2019
NORDHORDLAND REVISJON IKS


Janne Eraker
Revisjonssjef

Gjenpart: Meland kommune